



// Møtedato 18.02.2021

// Til stades: Synnøve Lindanger, Ruth Kjeldsen, Mildrid Espeland, Monica Solberg Hansen, Pål Berger, Egil Tengs, Birgit Hårvik, Ruth Karin Silli Nessa og Helge Kvamme

// Forfall:

// Referent: Ole Kristian Larsen

// Kopi til: Merethe P. Haftorsen, Anneline Teigen, Janne Sigbjørnsen Eie, John Lende

Deres ref:

Vår ref: 20/1644

Vår dato: 18.02.21

Referat frå møtet 18.02.21

1. Runden frå organisasjonane, v/alle

FFO v/ Ruth Kjeldsen: Det er lite som skjer for tida grunna koronasituasjonen. Det har vore nokon lokale initiativ i fylket som kaketreff og svømmesamling i Haugesund, mellom anna. Det neste som står på agendaen er årsmøte som skal heldast digitalt.

Mildrid Espeland: Alt av møteverksemd skjer digitalt. I utgangspunktet er det ikkje noko nytt å melda om.

A-LARM v/ Pål Berger: Det er ei bekymring for at Covid-19 skal etablera seg i rusmiljøet. Mange av dei slit med helsa frå før av og er i risikograppa. Derfor er det sett i verk ein del tiltak. Det er frustrasjon over at denne grappa ikkje er prioritert i vaksinekøen. Ein er òg bekymra for dei med moderate psykiske helseproblem. Denne grappa er det vanskelegare å driva tatt oppfølging av. Mange av dei har eit høgt forbruk av rusmiddel, noko som kan føra til at det bikkar over.

Pål Berger deltar på det siste brukarutvalet sitt. Han skal snart byrja å jobba for Blå Kors. Silje Gundersen tar over rolla hans i brukarutvalet.

NAV ROGALAND // ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN

Postadresse: Postboks 420 // 4002 STAVANGER

Besøksadresse: St. Svithunsgate 5 // Stavanger
Tel: 55 55 33 33 // Faks: 52 04 73 99

www.nav.no // nav.rogaland@nav.no

Kreftforeningen v/ Monica Solberg Hansen: Det er framleis lite aktivitet. Nye tal viste at det har vorte langt færre diagnostisert med kreft det siste året. Dette er eit resultat av at færre går til legen på grunn av koronasituasjonen, noko som gir grunn til bekymring.

SAFO v/ Synnøve Lindanger: Det ikkje noko nytt. Årsmøtet vil bli arrangert digitalt.

Fontenehuset: Dei melder om at det er travelt for tida med mange aktivitetar, men at smittevernet blir tatt på alvor. Brukarar blir tatt med på ulike aktivitetar som kafé, besøk, turar, etc. To kandidatar fekk nyleg jobb, eit resultat ein er svært fornøgd med.

2. Status hos NAV Arbeid og ytelser, Karmøy, v/Birgit Hårvik

Sjukepengeområdet: Det blir jobba med å utvikla eit nytt saksbehandlingssystem. Det nye systemet blir levert delvis, noko som gjer det krevjande for dei tilsette som må jobba overlappende mellom to system i ein periode. Det nye systemet skal vera langt meir brukarvennleg, og er bygd opp etter behovet til brukarane. Avdelinga på Karmøy har bidratt med mange saksbehandlar til utvikling av det nye systemet. Det er fordi det òg trengst fagkompetanse, ikkje berre IT-kompetanse. Til sommaren forventar ein å sjå ein effekt av det nye systemet, og til jul skal det vera fullt ut implementert. Førebels har ikkje dei tilsette merka noko effekt av nytt system. Det er òg eit resultat av at det er stort trykk på sjukepengeutbetalingar for tida. Derfor kan det vera lengre ventetid enn normalt i periodar. Det avheng av at NAV har dei opplysningane dei treng for å kunna behandla søknader. Dei jobbar etter prinsipp om å behandla eldste sak først. No jobbar dei òg med søknader frå heile landet. Tidlegare var det berre for Rogaland og deler av Vestland fylke, som tidlegare utgjorde Hordaland.

Avdelinga på Karmøy har det siste året lånt ut ein god del medarbeidarar til andre ytingsområde.

På AAP-området (Arbeidsavklaringspengar) har dei god kontroll. Det er fem einingar i landet som behandlar søknader om AAP. Karmøy er ein av dei.

Den siste tida har det vore ein auke i inngangen på søknader om uføretrygd. Det usikkert kva auken kjem av.

Framover skal avdelinga rekruttera nye medarbeidarar. Det skal rekrutterast saksbehandlarar til alle fagfelta

3. Status ved NAV Kontaktsenter, v/ Ruth Karin Silli Nessa

NAV Kontaktsenter i Rogaland merka godt då Austlandet måtte stenga ned på grunn av smittesituasjonen. Det kjem av at dei svarer på førespurnader som kjem frå heile landet.

Den siste tida har det vorte rekruttert fleire nye medarbeidarar til mellombelse stillingar. Så langt har kontaktsenteret i fylket 40 mellombelse stillingar.

Gjennomsnittleg ventetid har vore på sju minutt den siste perioden på telefon. Tenesta «Skriv til oss» har ei gjennomsnittleg svartid på 1,4 dagar.

NAV tilbyr chattenester på fleire fagområde. Førebels kan dei ikkje svara på spørsmål som gjeld saka til brukar, men berre på generelt grunnlag. I februar vil det vera mogleg å kunna stilla spørsmål knytt til si eiga sak. Det er særleg unge brukarar som liker å kommunisera med NAV digitalt.

Dei siste vekene har NAV Kontaktsenter fått eit poengsnitt på 5 av 6 på spørsmål om kor fornøgde brukarane er med servicen. Det er eit resultat dei er godt fornøgd med.

Kontaktsenteret har jobba med søkelys på empatisk kommunikasjon. Det handlar i grove trekk om at rettleiarar skal gi rom for kjenslene til brukar. Når dei snakkar med folk, gir mange uttrykk for kjenslene sine, og då er det viktig at rettleiarar møter brukar og viser forståing og omtanke.

4. Status i NAV Rogaland, v/ Egil Tengs

2021 blir framleis prega av 2020 og koronasituasjonen. Det er nesten 17 000 arbeidsledige i Rogaland. 4,1 prosent av arbeidsstyrken er heilt utan arbeid, medan 2,1 prosent er delvis utan arbeid. Bekymringa er at mange av dei arbeidsledige har vore utan jobb lenge. Ungdomsarbeidsløysa stig, og er for augneblinken på 6 prosent i aldersgruppa 20-29 år. Denne gruppa gir størst bekymring slik situasjonen er no.

Pandemien har elles ikkje ramma arbeidsmarknaden i Rogaland like hardt som på Austlandet.

NAV Rogaland opplever at dei har nok personell til å kunna tilby gode tenester til brukarane sine. Førstevalet er digital oppfølging, men alle som ønsker fysiske møte, har tilbod om dette.

I 2020 var det ein oppgang i talet på uføretrygda i Rogaland. 29 900 er uføretrygda i Rogaland no. Det inneber at fylket nærmar seg meir landsgjennomsnittet. Unge uføretrygda er allereie meir likt landsgjennomsnittet.

Budsjett 2021: NAV Rogaland har fått tilførte auka ressursar til drift. Det har komme koronafullmakter til auka bemanning, og dessutan stor tilførsel av midlar til arbeidsmarknadstiltak. Det er krevjande å få opp bruken av arbeidsmarknadstiltak på grunn av koronasituasjonen og smittevern som skal takast. Ambisjonen er at dei aller fleste tiltaka skal drivast i ordinært arbeidsliv, og då handlar det om å finna dei gode løysingane.

Stengde grenser har ført til utfordring innanfor næringar som landbruk. Dei har tidlegare basert seg på arbeidskraft frå såkalla tredjeland. Industrien har òg mangel på arbeidskraft og kan i lita grad bruka dei som er arbeidsledige no fordi dei ikkje har den riktige kompetansen. Landbruksnæringa er skeptisk til om nordmenn vil ha jobbane som er ledige. NAV oppmodar alle aktørar som har ledige stillingar, til å lysa dei offentleg ut. I Rogaland er det særleg gartneribransjen som blir trekt fram.

Arbeidsgivarar har ikkje lenger moglegheit til å søka opp kandidatar i Navs CV-database. Dette kjem av at NAV har avdekt at det er brot på personvernet. Arbeidsgivarar som ønsker bistand frå NAV til rekruttering, blir oppmoda til å ta kontakt med lokalt NAV-kontor eller marknadseiningane i fylket

5. Orientering om økte midler på VTA (varig tilrettelagt arbeid) og status om tiltaksbruk i Rogaland, v/ Egil Tengs, avdelingsdirektør for arbeidsgivartenester og tiltak, NAV Rogaland

VTA (Varig tilrettelagt arbeid) er eit tiltak for personar som får uføretrygd. Tiltaket har alltid vore eit knappleiksgode, men den siste tida har Rogaland fått ein betydeleg tilførsel av midlar til dette tiltaket. Det er ei politisk prioritering for dei kommande åra. NAV Rogaland jobbar no for fullt med å fordela plassane utover fylket.

Totalt er det 700 plassar i Rogaland innanfor skjerma verksemd. Det skal aukast med 36 plassar. Sandnes, Stavanger, Klepp, Sola og Hå for tildelt plassane. Dette kjem av ein omfordelingsmodell som er endra. Modellen bereknar kor mange som er uføre under 40 år. Dette skal sikra jamnare fordeling mellom kommunane. Målet er alle dei nye tiltaka skal vera i gang i april.

Det er lange ventelister, men det gjenspeglar nødvendigvis ikkje behovet. Behovet kan vera langt større, seier Egil Tengs.

VTA – ikkje skjerma: Pr. i dag er det 267 VTA-plasser i bedrifter. Målet er at dette skal aukast til over 300 gjennom året. Enkelt-plassane som blir oppfølgt, krev mykje arbeid frå NAV knytt til oppfølging. Flaskehalsen med desse plassane er at vi for augneblinken har ein stram arbeidsmarknad med høg arbeidsløyse. Det krev at det blir gjort nøye vurderingar i forkant for å vinna dei riktige arbeidsgivarane, som det er ein klar føresetnad at dei må vera seriøse og stabile

6. Orientering om status frå NAV Hjelpemiddelsentralen Rogaland, v/ Anita Østerhus og Nina Aase

NAV Hjelpemiddelsentralen Rogaland flytta i mai 2020 frå Svanholmen på Fours til heilt nye lokale på Koppholen på Fours. Medarbeidarane er veldig godt fornøgd med fasilitetane dei tilgjengeleg i dei nye lokalane. I 1. etasje har dei no langt betre lagerlogistikk. Det har hatt ein stor positiv effekt for brukarane av tenestene. Manglande levering frå utlandet på grunn av koronasituasjonen har likevel gitt nokre utfordringar.

I dei nye lokala har dei òg ein stor ny verkstad kvar det blir drive med reparering av hjelpemiddel, mellom anna.

Dei skulle gjerne hatt det endå meir ope for publikum og brukarar, men korona gjer at dei har forholdsvis strenge reglar for smittevern.

Det er sett i gang eit større utviklingsarbeid knytt til digitalisering av hjelpemiddelområdet. Det blir forventa ein vekst i åra som kjem, og då er det viktig at NAV er godt førebudd til å handtera veksten. No blir det jobba med å sjå på strukturane på tvers av avdelingane. Korleis ser det ut for hjelpemiddelområdet i 2025? Det er eit av spørsmåla utviklingsarbeidet tar for seg. Prosjektet har fått namnet DigiHot, og det fokuserer på størst mogleg utbytte for brukarane. Ein del av arbeidet er knytt til digitalisering av søknader og robotisering av ulike tenester. Eit døme er digitalisering av tolkeoppdrag.

Digitale søknader har vorte kraftig forenkla. Det blir stilt krav til formidlaren som søker via nettenestene i Altinn. Dette er noko som framleis er under arbeid. Normalt kjem det cirka 20 søknader til dagen, og med digitale søknader vil behandlinga gå langt raskare fordi dei får informasjonen dei treng på eit tidlegare tidspunkt.

Anita Østerhus og Nina Aase orienterte òg spesifikt om status på enkelte hjelpemiddelområde. I tillegg svarte dei på spørsmål frå medlemmer i brukarutvalet.